

Aktiv formidling 2021

Høgtlesing for dei over 13

Rapport – Midt-Telemark bibliotek

Midt-Telemark bibliotek søkte i 2020 om midler til aktiv formidling til følgende målgrupper i den nye kommunen:

1. Folkebiblioteket inn i klasserommet, ungdom inn i folkebiblioteket
2. Folkebiblioteket inn på eldrester, nokre eldre inn på folkebiblioteket
3. Folkebiblioteket til Vaksenopplæringa, språksultne inn på biblioteket
4. Folkebiblioteket ut i parkane, folk inn på biblioteket

Målet vårt var å auke leseglede blant ungdommar, vaksne og eldre gjennom høgtlesing. Me ville og vil halde fram med å teste ut om høgtlesing kan vere ein verdifull og effektiv metode for å formidle litteratur og biblioteket sine tenester på. Samstundes som biblioteket blir meir synleg og få vist aktualiteten overfor desse gruppene, kan det føre til at fleire besøker Midt-Telemark bibliotek.

Me ønskte å bli kjent med innbyggjarane og treffe folk der dei er, for å høyre om deira eigne ønske, og tilby informasjon om biblioteket sine tenester. Å avslutte med høgtlesing frå utvalde tekstar, har vist seg å gje meirsmak. Nye avtaler er satt opp til hausten. Det kan ta tid å opparbeide kontakt og nå fram. Målet er ikkje at alle skal lese eller bruke biblioteket, men gjennom å gjere oss kjend kan møte som kanskje elles ikkje ville skjedd, få skje.

Av ulike årsaker har det blitt gjort nokre endringar, men alt i alt er me svært nøgde med planlegging, gjennomføring og tilbakemeldingar. Det meste vil bli tatt med inn i vanleg drift. Under kjem kort beskriving av kvar del:

1. Bokas stemme

Me har besøkt 8. trinn med en halvtimes høgtlesing frå ei nøyte utvald bok. Mange KF-bøker for ungdom er lest og det er sjekka ein del opp mot internett, tik tok og samtaler med ungdom. Ut frå dette er det vald bøker me trur kan treffe målgruppa godt.

Målet var å kunne tilby ungdom ei lita pustepause der det berre handla om å lytte til ei bok. Me var spende på om eit så nedstrippa konsept ville fungere: ein bibliotekar kjem inn i timen, seier hei og ber dei setje seg godt til rette, presenterer bok og byrjar å lese. Bibliotekaren opplevde å få kontakt med klassene under opplesinga. Det var spesielt å lese så lenge, men ein måtte stole på teksten, at den ville halde på merksemda til elevane. Nok tid til førebuing kan ha vore uvurderleg.

Den enkelte lesestunda kan føre til ei litterær oppleving, eller ikkje. Begge deler er ok. Det er ingen krav til lærarane verken før eller etter. Ungdom mister ofte kontakten med folkebiblioteket etter barneskulen. Gjennom høgtlesinga håper me å oppretthalde kontakten med så mange som mogeleg, og kanskje gi fleire opplevinga av at litteratur kan være verdifullt i eige liv.

Planen vidare er å gjenta dette med 8. trinn haust og vår med nøye utvalde sjangrar og få dette formalisert inn i kulturstrategien som skal gjelde dei neste fire åra. Me ønsker å invitere dei same elevane inn på for eksempel biblioteket for å lese utvalte tekstar høgt for kvarandre, noko vi ikkje rakk i prosjektperioden. Vi ønsker å halde fram med å teste ut litteraturformidling til unge i ulike «settingar».

2. Litteraturkafè med Midt-Telemark bibliotek på Furuheim Bo- og aktivitetssenter

Biblioteket vil gjere tenestene kjent for dei eldre i kommunen som ikkje brukar biblioteket i dag og finne ut korleis dei ønsker å ta i bruk tenestene. Høgtlesing og informasjon om tilboda blir en sentral måte å kome i kontakt med den enkelte om medvitne eller umedvitne ønsker ein måtte ha.

Biblioteket har besøkt Furuheim Bo- og aktivitetssenter i Midt-Telemark med tre vekers mellomrom.

Me presenterte oss og tilboda våre, og opna for dialog om ønsker dei kunne ha. For eksempel bokkasse til heimlån og lydbøker til å høyre på i fellesskap inne på senteret, eller ta med. Etter første besøk fekk me nokre hint om kva dei liker å lese. Høgtlesinga gjorde noko med dei, fekk me høyre. Det minte ein på korleis det kjenst å lese, korleis ein forsvinn inn i historia, noko som kan vere lett å miste når ein berre blir informert. Det var nokon som minstest bøker dei hadde lest før og ville lese igjen. Neste gong me tok turen, tok me med ei bokkasse med bøker tilpassa desse ønska. Det var også mange som møtte denne dagen og nå kunne ein snakke enda meir om kva ein kunne tenkje seg å lese. Høgtlesing og presentasjon av forfattar blei godt tatt imot også denne gongen. På ein måte har dei eldre god tid, så det å lese ei god stund inn i boka kjennest veldig bra. Det blei sagt at vi kunne ha lest heile boka. Nye treff med høgtlesing og bokkasse er planlagt allereie etter sommaren.

Det blei snakka om busstur til biblioteket. Biblioteket ser stor verdi i å reise ut i kommunen på denne måten og vil halde fram med å utvide dette tilbudet til sjukeheimar og andre institusjonar som ikkje så lett kan nytte seg av biblioteket.

3. Vaksenopplæringa, besøk til biblioteket

I fjor høst inviterte me vaksenopplæringa på besøk til biblioteket. Saman med ein tolk fekk me vist rundt og informert om biblioteket sine tenester, i tillegg til å gi ei digital opplæring i bruk av verdensbiblioteket.no.

Dessverre fekk me ikkje tid til høgtlesing slik me hadde planlagt. Det var ulike årsaker til det: Gruppene som kom til biblioteket hadde berre vore i Noreg nokre dagar og me vurderte fortløpande at dette kunne bli krevjande. Dei var store grupper, så det viktigaste blei å svare på spørsmål og gjere oss forstått.

Før jul 2021 besøkte biblioteket språkkafèen på Frivilligsentralen på Gvarv. Biblioteket har eit minibibliotek på Frivilligsentralen der ein kan låne og levere bøker. Tenesta er betent ein gong i veka, elles ubetent med lånemoglegheiter.

Mange fleire enn forventa møtte opp, og det blei ei fin stund der alle samarbeidde om å greie å formidle tankar, ønske og spørsmål rundt bruk av biblioteket.

Den planlagde delen med å sitte rundt bordet med utvalde bøker og høgtlesing frå ei av dei, blei ikkje mogleg i denne samanhengen heller.

Me opplevde at begge situasjonane blei prega av eit sterkt ønske om å bli betre kjent med biblioteket i kommunen.

Me vil gjerne inviter vaksenopplæringa årleg til eit introduksjonstreff, og at dette også kjem inn i strategiarbeidet. Me har framleis eit håp om å prøve ut høgtlesing, og kjem til å ta kontakt med lærarane til hausten. Me ønsker å kunne tilby høgtlesing, men i mindre grupper, både på biblioteket og i klasserommet. Erfaringa med å besøke ungdomsskulen og aktivitetscenteret viser oss at dette kan fungere godt hos fleire målgrupper. Sjølv om ein ikkje forstår alle ord, så kan opplevinga av å høyre på og snakke litt om teksten etterpå likevel gi ei litterær oppleving.

Biblioteket har ei bitte lita avdeling på Frivilligsentralen, og i forlenging av det vil me møte opp på språkkafèen ein til to gongar i året. Dette for å fortelje om kommunen sitt bibliotektilbod, men og for å lese høgt for dei som har møtt opp, og inspirere til å nytte utvalde tekstar i språkkafèsamanhang.

4. Folkebiblioteket ut i parkane, folk inn på biblioteket

Biblioteket vil gjerne fasilitere høgtlesing for «alle». Då vil kommunen sine parkar og torg vere vel så viktig som biblioteket sitt lokale. Dette har me ikkje fått til å gjere enda, men er noko me gler oss til å utforske.

Det første me ser for oss, er å ta i bruk dei nye pilhyttene som ble planta våren 2022 i parken utanfor biblioteket. Høgtlesing inne i dei vil kunne vere ein spanande stad å tilby ei litt annleis litterær oppleving. Rommet og atmosfæra ein tekst blir formidla i kan verke inn på korleis ein opplever innhaldet. Inne i en pilhytte, ved ei elv, på eit torg, inne i eit klasserom eller i biblioteket sine egne lokale kan alle vere viktige og spanande stader å utforske dette.

Ulike tekstar passar kan hende til ulike rom, og vår oppgåve er å finne gode tekstar som både me og andre kan lese høgt for kvarandre.

Måloppnåing

Me ønskte å bli meir synlege for kommunen sine innbyggjarar og å auke leseglede. Sjølv om me ikkje fekk gjort alt i prosjektet, er me godt nøgde med resultatet så langt. Nokre gonger blei høgtlesinga aktuell og riktig, nokre gonger forsvann den i andre «akutte» omsyn. Erfaringane blei mange, og det har vore nyttig å jobbe strukturert med formidlingsarbeidet. Me er godt rusta til å jobbe med planarbeidet vidare, og det meste av tidkrevjande førebuingar er gjort. Dette vil komme godt med på vegen vidare, der mykje handlar om å kunne ta fram relevante, aktuelle tekstar til ulike målgrupper og føremål. Gjennom perioden har me blitt sikre på at rein høgtlesing kan vere med på å gjenerobre leseglede samt (gjen-) oppdage magien i det litterære universet. Me kjem til å ta i bruk denne formidlingsmetoden i stor grad framover, me veit me kan stole på gode tekstar.